


# DEN SYKKYLVSKA BARNEHAGE




EIN PLASS FOR DEN GODE BARNDOM  
- FELLES INNSATS MOT FELLES MÅL

## VISJON OG VERDIGRUNNLAG

Den Sykylvske Barnehage bygg på ei forståing av at alle dei kommunale og private barnehagane i kommunen gjennom samarbeid og felles satsing kan skape eit betre barnehagetilbod, og utnytte kvarandre sine kunnskapar og ferdigheiter. Felles kompetanseutvikling står sentralt. Visjonen er: «Ein plass for den gode barndom – felles innsats mot felles mål».

Alle barnehagar skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova, rammeplanen og FNs barnekonvensjon. Utifrå denne plattforma skal Den Sykylvske Barnehage utvikle gode og innhaldsrike barnehagar der både barn, foreldre og tilsette vert respektert og lytta til. Dei felles rammene som Den Sykylvske Barnehage har, skal likevel ikkje vere til hinder for at den enkelte barnehage får utvikle sitt sær preg gjennom eigne satsingsområde.

Målet vårt er at barn og foreldre/føresette skal oppleve den kvaliteten vi ønskjer at barnehagane skal ha. Våre haldningar og handlingar avgjer om denne kvaliteten vert opplevd av brukarane. Samfunnsmandatet til barnehagen er å ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dette skal skje i samarbeid og forståing med heimen. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (jf rammeplanen).



## **RAMMEPLAN**

Ein ny nasjonal rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver tok til å gjelde frå august 2017. Denne planen er meir forpliktande, meir konkret og meir komprimert enn den førre. Den nasjonale rammeplanen gir styrarar, pedagogiske leiarar og øvrig personale klare og forpliktande rammer for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.

Den enkelte barnehage skal utarbeide årsplanar som synleggjer korleis formål og innhald i rammeplanen vert omsett i praksis, og korleis dei ulike fagområda vert gjennomført og tilpassa lokalt.

## **STYRARNETTVERKET**

Styrarnettverket har om lag ti samlingar per år og utgjer det styrande organet i Den Sykkylvske Barnehage. Her møtest styrarane til faglege drøftingar, diskusjonar, informasjonsutveksling og erfaringsdeling. Arbeidet med å vidareutvikle fellesskapet står i fokus. Avgjersler knytt til kompetanseheving og pedagogiske satsingar vert fatta i samråd med barnehagefagleg rådgjevar. Styrarnettverket legg også føringar for bruken av dei minoritetsspråklege midlane som kommunen får frå staten. PPT er representert på dei fleste samlingane, og gir råd og rettleiing i høve spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med særlege behov. Også einingsleiar i barne- og familienestene deltek på møte i styrarnettverka.

## **PLAN FOR KOMPETANSEHEVING**

Barnehagane i Sykkylven skal delta aktivt i dei kompetansehevingstiltaka som vert organisert gjennom region Nordre Sunnmøre, i fagleg samarbeid med Høgskulen i Volda. Dette gjeld både Kompetanseløftet (spesialpedagogikk og inkluderande praksis) og ReKomp (barnehagebasert kompetanseutvikling). Styrarnettverket skal bidra aktivt med innspel, tilbakemeldingar og evaluering av desse satsingane. Målet er å sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.

Basert på eiga behovskartlegging kan den enkelte barnehage velje ei av dei kompetanseløypene som Høgskulen i Volda tilbyr. Dersom ein eller fleire barnehagar i Sykkylven vel same tema/løype, skal ein forsøke å danne nettverk mellom barnehagane, for å kunne dele idéar og erfaringar. Fram til 2024 kan barnehagane velje mellom følgjande tema/løyper:

- Observasjon, planlegging , vurdering og dokumentasjon
- Barnehagen sin digitale praksis
- Rettleiing
- Tilrettelegging for leik og vaksenrolla si betydning
- Barnehagen sitt arbeid med å førebygge, avdekke, stoppe og følgje opp mobbing og utesenging
- Tilrettelegging for barn som treng ekstra støtte

- Minoritetsspråklege barn si språkutvikling
- Språkutvikling og språkvanskar
- Utforming av det fysiske miljøet og rommet sitt betydning for språkleg aktivitet

I tillegg til denne barnehagebaserte kompetanseutviklinga vil barnehagane i Sykkylven bli tilbydd kompetansehevingstiltak innanfor etter- og vidareutdanning i regi av region Nordre Sunnmøre.

Styrarnettverket bidreg aktivt når kommunen utarbeider sin lokale plan for kompetanseheving av barnehagetilsette. Denne planen, saman med planane for Rekomp og Kompetanseløftet, skal danne fundamentet for kompetanseutviklinga i Den Sykkylvske Barnehage. Den lokale kompetanseutviklingsplanen blir vedteken av Levekårsutvalet og skisserer følgjande hovudsatsingsområde:

- Solid Start Sykkylven
- Barn som har behov for ekstra hjelp og støtte
- Språkutvikling
- Relasjonskompetanse
- Vald og seksuelle overgrep
- Betre tverrfagleg innsats

### **SOLID START SYKKYLVEN**



**SOLID START SYKKYLVEN**

Solid Start Sykkylven er det største felles satsingsprosjektet i åra framover. Prosjektet inneber ei systematisk satsing på grov-, fin- og sansemotorisk trening gjennom leikprega aktivitetar. Solid Start skal integrerast i alle dei sju fagområda i rammeplanen. Forsking syner at dette ikkje berre gir ein fysisk helsemessig gevinst, men at det også gjer barna meir modne og klare for skulestart. Målsetjinga er at dette skal få positiv effekt på lese- og skriveferdigheiter, adferd, psykososial utvikling m.m. Prosjektet er ei tverrfagleg satsing, der dei kommunale ergo- og fysioterapeutane spelar sentrale roller. Solid Start Sykkylven er politisk og administrativt forankra i kommunen.

## ANDRE FELLES TILTAK

Dei kommunale og private barnehagane har som mål å samordne ei rekke tiltak der ein finn dette naturleg. Eit slikt samarbeid kan gi positiv synergieffekt, både kvalitetsmessig og reint administrativt. Den Sykkylvske Barnehage skal bidra til følgjande:

- **Sikre gode overgangar frå barnehage til skule:** Dette skal skje i samarbeid med rektorane/skulane. Barnehage- og skulesektoren har halvårige fellesmøte der ein utvekslar kunnskap og informasjon som utgangspunkt for tilrettelegging av tilbodet til dei eldste barna i barnehagen. Gjennom eit forpliktande samarbeid skal barna sikrast best mulig kontinuitet i overgangen. Ein eigen plan for ovegang bhg/skule er vedteken. Tiltaka skal evaluerast jamleg.
- **Sikre gode overgangar mellom barnehagane:** Når eit barn av ulike årsakar flyttar over frå ein barnehage til ein annan, er det viktig at begge barnehagane og foreldra samarbeider slik at barnet kan få ein trygg og god overgang. Barnehagane i Sykkylven har utarbeidd eigne rutinar for dette.
- **Sikre rettleiing av nyutdanna:** Barnehagelærarar kan oppleve dei første åra i yrket som krevjande. Dei kommunale og private barnehagane i Sykkylven har etablert ei felles rettleiingsordning for nyutdanna. Gjennom samarbeid og deling av kvalifiserte rettleiarar skal ein sikre best mogleg overgang mellom utdanning og yrke, og bidra til å rekruttere og behalde dyktige barnehagelærarar i barnehagen.
- **Språksatsing:** For å sikre at barna har eit godt språkleg grunnlag når dei byrjar på skule skal barnehagane i Sykkylven ha eit særleg fokus på språkutvikling. I samarbeid med PPT vert det lagt til rette for felles møteplassar der ulike tiltak vert vurdert og evaluert. Ei særleg sårbar gruppe er dei minoritetsspråklege barna. Målet er å vidareutvikle og heve kvaliteten på det språkarbeidet som vert gjort ute i barnehagane.
- **Legge til rette for ein samordna opptaksprosess:** Dette skal sikre likebehandling av barn som søker barnehageplass, og også bidra til likebehandling av kommunale og private barnehagar.
- **Slettegjerdedagen:** Ein gong i året samlast alle førskulebarna i kommunen til felles aktivitetar, grilling og sosialt samvær på Slettegjerde.
- **Fönix:** I samarbeid med Frivilligsentralen vert det gitt eit tilbod til alle førskulebarna der dei får erfaring med ulike former for sløyd og praktisk handverk.
- **Symjeopplæring:** Gjennom ei statleg tilskotsordning vert det søkt om midlar til symjeopplæring for førskulebarna. Målet er å gjøre barna trygge i vatn. Det praktiske opplegget vert samordna gjennom eit samarbeid mellom SIL Symjing og kommunale/private barnehagar.
- **Trafikktryggleik:** Dei kommunale og private barnehagane i kommunen vil koordinere sin innsats for å kvalitetssikre barna sin trafikktryggleik. Dette skjer m.a. i samarbeid med politiet og Trygg Trafikk (t.d. felles kampanjar).
- **Felles kulturopplevelingar:** Barnehagane i Sykkylven ønskjer å gå saman om å arrangere felles tilbod knytt til ulike kulturelle opplevelingar for barna.
- **Studiedagar:** Tidlegare fekk kommunen tildelt kompetansemidlar som i stor grad vart nytta til felles studiedagar. Denne ordninga er no erstatta av ReKomp-satsinga på regionalt nivå. Likevel vil barnehagane i Sykkylven også i framtida gå saman om felles studiedagar, når behovet er der, og økonomien tillet det (f.eks. innleige av eksterne kurshaldarar).

- **Nettverk og møteplassar:** Så langt det praktisk og økonomisk let seg gjennomføre vil Den Sykkylske Barnehage jobbe for å etablere ulike møteplassar både for pedagogar, assistenter og superbrukarar. Her kan deltarane møtast til faglege diskusjonar, vidareformidle sin kunnskap og dele sine erfaringar. Gjerne temabasert. Målet er å hjelpe kvarandre til eigenutvikling. Ein vil også legge til rette for at tilsette kan hospitere i andre barnehagar. Dette kan bidra til nye tankar og auka refleksjon over eigen praksis.

**Gjennom refleksjon og fornying av eigen praksis, vilje og evne til forbetring og endring, skal vi stadig nærme oss målet om at barnehagane i Sykkylen skal vere av ein kvalitet som gir barna ein best mogleg barndom.**